



Rune Nilsen frå Uskedalen er framleis sterkt engasjert i fotballen i Stavanger. (Foto: Jon Ingemundsen)

For nokre veker sidan var SIF Fotball nær konkurs. No dannar klubbveteranen Rune Nilsen, som er frå Uskedalen, SIF-Invest. Nilsen opplyser til Aftenbladet at 30 tidlegare spelarar med hjarta i Stavanger-klubben vil bidra til nye spelarar og kanskje også tena nokre kroner.

Medan tala har vore raude har gjengen med gamle SIF-spelarar arbeidd stille i kulissane for å laga eit investorselskap som skal kjøpa spelarar til gamleklubben. Styret har vendt tommelen opp for prosjektet.

SIF Invest skal fungera som eit andelslag der ein andel kostar 5.000 kroner og 30 personar har kjøpt andelar som varierer frå 5.000 til 200.000 kroner. Selskapet skal registrerast i Brønnøysund med det fyrste.

Nilsen reknar med å ha klar ein snau million til beste overgangsvindu i sommar. Selskapet kjem berre til å konsentrera seg om unge spelarar som kan vera aktuelle for vidareasal

Nilsen har sjølv 287 A-kampar for SIF i perioden 1975/1984. No spelar han old boys-fotball og er trenar for aldersbestemte lag.

Av Ola Matti Mathisen